



Fylkesmannen i Hordaland  
ref. Silje Lyhammer  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/163 - 17/25

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

02.01.2017

## Produksjonstilskot søknadsomgangen 20.08.2016- Oversending av PT-4100 B

Vedlagt ligg liste for Meland kommune. Det går fram av PT 4100 A at det er ein mindre uoverensstemmelse mellom kontrolldata og søknad for tre søknader. Kommunen har vurdert saka i samband med kontroll og desse feila er årsaka i feil i AR-5. I det eine høve var ein eigedom forsvunne i landbruksregisteret og søkjar fekk difor ikkje registrert den på søknadsskjema. Han gav beskjed om dette før søknadsfristen.

I det andre høve såg ein på kontroll at det var mange mindre feil i gardskartet, særleg på beiteareal. Eigedomar var forsvunne frå landbruksregisteret, og summen av dette gjorde at sjølv om søkjar hadde nytta tal frå gardskarta, var ikkje desse gode nok. Den store gjennomgangen på gardskarta var i 2002/2003 og 15 år seinare erfarar me at landskapet endrar seg og at dette kan vera vanskeleg for ein enkelt bonde å fanga opp. Dette gjaldt i all hovudsak leigeareal.

Kart over jordbruksareal i bygdene Husebø, Sætrevik og Kårbø hadde inneholdt mange mindre feil, og ein må gå over minst 200-300 daa fordelt på eit stort tal teigar for å kvalitetssikre og rette opp dette. Dette hadde ikkje kommunen tid og kapasitet til i samband med kontrollen. Oppretting vil kreve fleire dagars arbeid med synfaring i felt, og påfølgande digitalisering. Feltarbeid må gjerast i mai/juni for det var uråd å sjå kva grasartar som veks på eit nedbeita beite i slutten av september. Kommunen har varsla søkjarane om at ein vil sjå nøyare på areala i 2017, og i og med at det er tvil knytt til mange av tala fordi kartgrunnlaget er feil, ynskjer ikkje kommunen å avkorte søkjarane i denne omgang. Grunngeving går fram av søknadsskjema for den enkelte.

Med helsing

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Vedlegg:**

PT-4100B-1256 Meland -prod.tilskot aug 2016